

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **14. mai 2025** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiding av leiar Håvard Rørtveit.

MØTESTAD:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 15.00 – 17.10
MØTENDE MEDLEMMER:	Håvard Rørtveit (H), Olaug Mari Øen (Sp) Steinar Skartland (Krf), Liv Hovland Ruud (SV) og Knut Jørgen Sandvik (VL)
MØTENDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRA SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRA ROGALAND REVISJON:	Oppdragsansvarleg revisor Cecilie Grøsfjeld Ørland
FRA ADMINISTRASJONEN:	Kommunedirektør Yngve F. Bergesen, Einingsleiar Turid Askeland i sak 8 Økonomisjef Vegard Bang fra sak 9
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Ole Johan Vierdal til og med sak 9
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 07/25 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 12.02.25

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 12.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.05.25:

Utvalet hadde ingen merknader. Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.25:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 12.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 08/25 ORIENTERING OM BARNEVERN – V/EININGSLEIAR

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen om barnevern frå einingsleiar Turid Askeland til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.05.25:

Einingsleiar Turid Askeland orienterte om barnevernstenesta og Bufetat si tilstandsrapport, med vekt på utfordringar og klagesaker. Talet på meldingar er stabilt, men 50 % gjeld vald eller foreldrekonflikt. I perioden 2020–2025 blei 13 klagar behandla – 9 avvist, 2 returnert til kommunen og 2 behandla av Statsforvaltaren.

Tenesta har bytta fagsystem, noko som har vore krevjande, men systemet er no i drift. Sakene er blitt meir komplekse, og det er mangel på bustadar for barn. Det er også behov for styrkt kompetanse. Hovudfokus framover er opplæring i nytt system, tilsyn og sjølvivaretaking.

Meldingar blir vurderte innan ei veke (ein dag ved akutt), etterfylgt av samarbeid med instansar og samtale med barnet. Undersøking skal vere ferdig innan tre månader. Om lag 50 prosent av meldingane blir henlagde, resten fører til tiltak. Dei fleste meldingane kjem frå det offentlege.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om flyktningar, språkopplæring og ressursbruk.

Leiar takka for ei grundig og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.25:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen om barnevern frå einingsleiar Turid Askeland til orientering.

SAK 09/25 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

Handsaming i kontrollutvalet 14.05.25:

Økonomisjef Vegard Bang presenterte nøkkeltal frå årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024. Kommunen hadde eit netto driftsresultat på 61,4 millionar kroner, noko som tilsvarar 5,8 % av driftsinntektene. Han orienterte vidare om kommunen si lånegjeld, disposisjonsfond og KOSTRA-tal.

Rekneskapen viser at kommunen både har høgare inntekter og utgifter samanlikna med landsgjennomsnittet. Resultatet for 2024 er solid og ligg over kommunen si eiga målsetjing. Eit godt utbytte frå Haugaland Kraft og høge inntekter frå Havbruksfondet har bidrege til dette.

Revisor Cecilie Grøsfjeld Ørland heldt ein presentasjon der ho orienterte om gjeldande regelverk og korleis revisjonen arbeider. For 2024 er det avgitt ein såkalla rein revisjonsberetning, med positive konklusjonar på alle vurderte område. Ho gjekk òg gjennom nøkkeltal opp mot kommunen sine måltal, og peikte på nokre utfordringar framover.

Revisor viste revisjonssyklusen og peikte særleg på betydninga av god internkontroll, særskilt innan lønnsrutinar. Lønnsrutinen i kommunen blei vurdert som gjennomgåande god, men med enkelte forbettringsområde. Når det gjeld innkjøpsrutinar, blei det funne få avvik, og desse blir fortløpande korrigerte.

Revisor avslutta med å takke for eit godt samarbeid og rosa kommunen for viljen til å rette opp eventuelle feil.

Medlemmene fekk svar på spørsmål mellom anna om avvik og rein revisjonsberetning.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.25 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 slik den ligg føre.

Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

SAK 10/25 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2024 til orientering.

Vindafjord kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader innan 01.09.25.

Handsaming i kontrollutvalet 14.05.25:

Revisor forklarte kva forenkla etterlevingskontroll inneber, og kva område som var kontrollert. I 2024 var det offentlege anskaffingar. Av dei 10 mindre anskaffingane var 7 ikkje konkurranseutsette. Dette resulterte i ei negativ konklusjon frå revisor.

Kommunedirektøren og økonomisjefen kommenterte enkelte deler av kontrollen.

Utvalet blei samd om be administrasjonen gje ei tilbakemelding om oppfølging av kontrollen innan 01.09.25.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.25

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2024 til orientering.

Vindafjord kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader innan 01.09.25.

SAK 11/25 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.05.25

- 07. Statusrapport pr. mai 2025
- 08. KST-vedtak Årsmelding 2024 – Vindafjord kontrollutval
- 09. KST-vedtak Oppfølging av revisjonsrapport «Plan og byggjesak»
- 10. Representantskapsmøte 23.04.25 – Haugaland brann og redning IKS
- 11. Representantskapsmøte 28.04.25 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
- 12. Representantskapsmøte 23.04.25 - Haugaland Vekst IKS
- 13. Generalforsamling 25.04.25 – Haugaland Kraft AS

Handsaming i kontrollutvalet 14.05.25:

Leiar gjekk gjennom referatsakene. Han ønskte å få lagt fram/tilsendt protokollane frå dei ulike representantskapsmøta.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.25

Referatsaker 7 –13 blir tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 17.09.25, kl. 15.00

Foreløpige saker: orientering om Haugaland brann og redning IKS, oppfølging av forenkla etterlevingskontroll, utvalet sitt budsjett for 2026, val av nytt prosjekt, orientering om revisjonsstrategi og revisor sin egenerklæring.

Ølen/Aksdal, 14.05.25

Håvard Rørtveit
Leiar av kontrollutvalet

Sjur Hatlen
Utvalssekretær